

Skjellerudmoen - Moen (gnr. 54)

Namnet viser tilbake til Skjellerud som opphavsgarden i Skjellerudgrenda. Skjellerudmoen er elles eit utflyttar-bruk av relativ høg alder. Alt i matrikkelen av 1668 er såleis bruket Moug serskilt skyldsett. Bruket vart da kalla ein rydningsplass og hadde ei landskyld av to skinn. Vidare er det da fortalt at brukaren på Moug heitte Dag, men han var ikkje sjølv eigar av bruket, som da var kyrkjegods. Om enga, innmarka på Moug i den tid er det oppgitt at den var ”ringe”, men det var skog til gards bruk, seter på Nysetra og rett til fjellslått av eitt lass øy. Buskapen av store husdyr var da 4 naut og korntiende vart uttreidd med ½ rd., som altså svara til ei årsavling på 5 tdr.

I matr.framlegget av 1723 er garden framleis kalla Moug, som visstnok er ei namneform som einast har vore brukt i skrift. Brukar på garden i 1723 var Jon Olsen, men han åtte heller ikkje garden åleine. Jordgods i garden til 1 skn. skyld låg framleis til ”Lille Hammers Kirche”, men resten av landskylda, også 1 skinn låg da til oppsitteren. Om garden og gardsbruket på Moug i 1723 er det vidare fortalt at garden ligg i sollia og er lettbrukt, og at jordarten der er god. Den årlege utsæden på bruket var da ca. 1½ td., og buskapen utgjorde 1 føl, 4 naut, 4 sauer og 4 geiter, så nokon stor gard var Moen enda ikkje.

Jon Olsen var framleis brukar på Moen i 1745. Han hadde da fått skjøte på den halvparten av garden som Lillehammerkyrkja før hadde ått, men samtidig hadde han lånt 60 rd. av Fåberg Kyrkjekasse mot 5 % årleg rente og 1. pr. pant i Moen. –

Ni år seinare var i 1754 Lars Jonsen vorte eigar og brukar av Skjellerudmoen. Han fekk da bygseddell frå foged Chr. Pram på ”2 læs hø i Dagsletterne kaldet som er beliggende i almindingen mod at svare i aarlig avgift 4 s. til Hans Mayts. Jordebog.”

Bygsla galdt for 20 år og var ei fornying, så slåttane hadde truleg fått namnet sitt etter den tidlegare brukaren Dag.

I året 1764 var det ein strid om kven som egentleg hadde retten til bruket. Ambrosius Møller hadde innstemnt Valentin Caspersen til å ”fravike og ryddiggjøre pl. Moen.” Men samtidig budde og huslyden Lars og Guri Moen der. Vi veit det fordi dei i tidsrommet 1762-1768 hadde 3 born til dåpen. Det var: 1. Lars f. 1763, 2. Lars f. 1764, 3. Kristen f. 1768.

Barnesjukdomane herja ofte og herja hardt i dei tider. Frå 1778 til 1788 var det Jon Larsen og Mallene som var hussbondsfolk på Moen. Dei fekk i dette tidsrommet 4 søner. Det var: 1. Amund f. 1778, 2. Lars f. 1780. 3. Lars f. 1783, 4. Ole f. 1788.

Frå 1794 går det fram at det var vorte husmannsplass under Moen. Lars Larsen og Siri v/Moen hadde i tida 1794 til 1805 fem born til dåpen. Det var: 1. Mari f. 1794, 2. Lars f. 1796, 3. Guri f. 1798, 4. Lars f. 1802, 5. Peder. Da hadde det og vore brukarskifte på hovudbruket Moen, og Amund Jensen f. 1778 og Kari Moen hadde tatt over som husbondsfolk der. Dei fekk i 1804 tvillingparet Marit og Anne, og seinare fekk dei i 1807 sonen Peder, i 1809 dottera Johanne, og i 1812 fekk dei dottera Olea.

Da Lars Jonsen Moen i 1778 gav skjøte til eldste sonen sin, Jon Larsen, var kjøpesummen for garden 192 rd., og landskylda av garden var framleis som før 2 skinn.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 to familiar på og ved Moen. Det var:

1. familie: 1. Jon Larsen, husbonden, 49 år, 2. Malene Amundsdr., kona hans, 49 år, 3. Amund, son deres, 24 år, 4. Lars, son deres, 21 år, 5. Ole, son deres, 13 år, 6. Guri Iversdr., tenestkvinne, 21 år, 7. Guri Jensdr., mor til husbonden, føderådskone, 80 år, 8. Anne Larsdr., søster til husbonden, 53 år. 2. familie: 1. Lars Larsen, husmann med jord, 38 år, 2. Sigrid Pedersdr., kona hans, 33 år, 3. Mari, dotter deres, 7 år, 4. Guri, dotter deres, 3 år.

I 1819 kom som eit førebuande arbeid for ein ny matrikkel det handskrivne framlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Moen med Mosveen fortalt at husdyrhaldet av store husdyr da utgjorde 2 hestar og 6 naut, og at den årlege kornavlinga i vanlege år var kring 30 tdr.

Same året, altså i 1819, gav elles Amund Jonsen skjøte til Peder Jonsen på pl. Mosveen som frå da av vart eit sjølvstendig bruk, seinare av skyld 1 ort 11 skill. – Frå denne tida vart det etter kvart ved utskifting og handel tillagt garden visse parsellar skog og jord, men andre vart fråskilde. I 1846-48 var det såleis utskifting av Fåberg østre Almind og i 1861 av seterskog på Nysetra. Dessutan var det i 1854 også eit makeskifte av parsellar mellom Peder Amundsen Moen og Johannes Holme. Fire år seinare gav i 1858 Peder Amundsen skjøte til sonen Andreas Pedersen på garden Moen for kjøpesum 600 spd. + eit føderåd verdsett til 250 spd. Ein av dei som i denne tida fekk tilhandla seg jord av Moen var kjøpmann Hans Larsen på Lillehammer. Han kjøpte i 1845 ein parsell bruksnr. 3 Maug eller Moen og i 1864 ein annan parsell bruksnr. 4 Maug eller Moen for kjøpesum 200 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det m.a. om garden Maug eller Moen fortalt at det samla jordbruksareal av æker, eng og seterlykkjer i den tid var 111 mål, og av dette var 48 mål jord av 1. klasse. Dessutan er det da under Moen ført at kjøpm. H. Larsen hadde eit areal på 18 mål, og av dette var 10 mål jord av 1. klasse. Ført for seg er dessutan Mosveen med eit areal på 19 mål og av det 10 mål av 1. klasse. Dessutan er det da opplyst at husdyrhaldet på Moen med plassar i den tid var 2 hestar, 10 naut og 9 sauer, og at den årlege utsæden var 9 tdr. korn og 7½ td. settepoteter.

Eit bruk, parsellen Moesrønningen, finn ein først omtala i 1884. Bruket var da skyldsett ifrå bruksnr. 1 Maug eller Moen, og selt av Andreas Pedersen Moen til Erik Hansen for kjøpesum kr. 2 800,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 000,-. Året etter var det i 1885 også ein handel med br.nr. 2 Mosveen, som enka etter Johannes Pedersen, Marthe Nilsdtr., selde til Mathias Pedersen Moe for kr. 800,- + føderåd av verdi kr. 550,-. Etter atter eit år kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Garden Maug eller Moen i Fåberg fekk da gr.nr. 54 av samla skyld 7,72 mark og det var da 5 br.nr. under gr.nr. 54 Moen. Det var: a. Gr.nr. 54, br.nr. 1 Moen (Skjellerudmoen) av skyld 5,22 mark med Erik Hansen som eigar eller brukar, b. br.nr. 2 Sveen, skyld 0,82 mark, eigar ell. brukar Johannes Pedersen, c. br.nr. 3 og 4 Moen, skyld tilsm. 0,82 mark, eigar ell. brukar: kjøpm. N. Larsens enke, d. br.nr. 4 Rydningen, skyld 0,86 mark, eigar ell. brukar: Andreas Pedersen.

I 1899 gav Erik Hansen Moen ved oppnemd verge, Amund Skjellerud, skjøte til Ole Skjellerud og Amund Langseth for kjøpesum kr. 16 000,-, av det for lausøyre kr. 2 000,-. – Sju år seinare fekk så vidare Even Langseth også skjøte på den halvdelen av grd. Moen som Ole Skjellerud før hadde ått og var dermed eine eigar av gr.nr. 54 br.nr. 1, 3, 4 og 5. Tre år før hadde elles Mathias P. Mo i 1903 gitt skjøte til Agnete og/eller Karen Moe for sum kr. 2 400,-, og av det for lausøyre kr. 500,-. – Ein parsell br.nr. 6 Moesrønningen var i 1890 vorte fråskild garden og seld av Andreas Pedersen til Hans Mathiasen Moesrønningen for kr. 800,-. Hans Mathiasen hadde bruket til i 1897, da han gav skjøte til Ole Olsen Bergesveen for kjøpesum kr. 2 000,-. Ole O. Bergesveen hadde så br.nr. 6 Moesrønningen av skyld 0.12 mark til i 1910, da han skjøta det vidare til Ole C. Ovren for kjøpesum kr. 4 000,-. Samtidig med dette fekk i 1904 Iver Hansen skjøte frå Hans Moesrønningen på parsellen br.nr. 7 Moeshagen for sum kr. 650,-, og vidare gav da Hans Moesrønningen også skjøte til smed O. A. Sletmoen på br.nr. 8 Moesrønningen øvre med hus – unntatt ein låvebygning og ein stugubygning ved Skurva bru – for kr. 3 200,-.

Ved det kommunale manntal for 1907 går det fram at det da budde 15 mennesker med røysterett på og ved Skjellerudmoen. Det var: på Moen: 1. bankkasserar Even Langseth, som da var 36 år, 2. Karen Langseth, kona hans, 29 år, 3. Anne Moen, føderådskone, 74 år. Ved Moen (v. Skurvbrua): tømmermann Johan J. Bakstad. I Mossveen: 1. gardbr. Mathias

Mossveen, 83 år, 2. arbeidar Erik H. Moen, 52 år, 3. Berthe S. Moen, kona hans, 50 år. På Mosrønningen: 1. smed Ole A. Sletmoen, 32 år, 2. Anna Sletmoen, 28 år, 3. Kristian L. Ensrud, fattiglem, 80 år, 4. Hans Kristiansen, arbeidar, 25 år, 5. arbeidar Albert Kristiansen, 30 år. På Mosrønningen nedre: 1. Ole Olsen Bergesveen, gardbr., 60 år, 2. Anna Bergesveen, kona hans, 44 år. I Moshagen: 1. arbeidar Iver Hansen Moshagen, 32 år. Ein merker seg at alle var over 25 år, som da var lågaldere for røyserett. Husbonden på Moen bankkasserar Even Langseth var kjent for å vera ein sers samvetsfull og skarp bankmann. Det gjekk ry om at ingen hadde påvist feil ved ei utbetaling frå Norges Bank på Lillehammer i Even Langseth si kasserartid. Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 36 br.nr. under gr.nr. 54 Moen. Av desse br.nr. var det likevel berre 4 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 54, br.nr. 1, 3, 4 Moen med eit jordbruksareal på ca. 112 mål, og med Karen Langseth som eigar og M. Overhalden som brukar, b. br.nr. 2 Mosveen, areal ca. 12 mål eigar Karen Mo, brukar Martin Nilsen, c. br.nr. 5 Mosrønningen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Hans Sylling, d. gr.nr. 54 og 55, br.nr. 1 og 162 Skogly, areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Ole Hovemoen.